

Alver kommune - landbrukskontoret
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18532 - 20/76404

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2020

Søknad om arealoverføring til uttale gbnr 487/15,11 Sæbø indre


Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 487/15,11
Tiltakshavar: Elise Golten og Knut Røthing Golten

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal oppgjeve til å vera om lag 673m² frå fritidseigedomen gbnr 487/15 til landbrukseigedomen gbnr 487/11. Det er same eigar på begge eigedomane. Det er i søknaden opplyst at arealet skal nyttast til beite og vert søkt overført til bnr.11 før sal av fritidseigedomen.


I sak 16/2114 i Radøy kommune er det i handsaming av bruksendring av garasje til driftsbygning opplyst at søkjar driv med mindre sauehald. I sak 17/1946 vart det gjeve løyve til oppføring av driftsbygning.

Planstatus

Omsøkte areal er i kommunedelplan for Radøy sett av til LNF. Aktuelt areal er registrert som grunnlendt lauvskog med høg bonitets klasse i AR5.



Utsnitt av situasjonsplan vedlagt søknaden



Med AR5 kart

Det er **ikkje** søkt om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

Andre tilhøve

Eigedomen gbnr 487/11 er registrert som bustadeigedom i matrikkelen.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til arealoverføring - gbnr 487/15 og 487/11 Sæbø indre
Nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Kart

Mottakarar:

Alver kommune - landbrukskontoret Postboks 4 5906 FREKHAUG